

Gamlebanken Spelemannslag
v/ Oda Bolstad
Haugane 3D
6868 GAUPNE

Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/ fylkesdirektør for næring og kultur
Askedalen 2
6863 Leikanger

Gaupne, 28.04.16

KLAGE - AVSLAG KULTURMIDLAR 2016

Dykkar ref. 15 / 10978 - 68

Vi viser til dykkar brev av 14.04.16 med melding om avslag på søknad om kulturmidlar til Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2016.

Avslaget blir grunngjeve på følgjande måte:

"Landsfestivalen i gammaldansmusikk er eit viktig arrangement for gammaldansmiljøet i fylket. Fylkesdirektøren rår likevel til å avslå søknaden då kulturmidlane skal gå til regionale og ikkje nasjonale tiltak."

Som søkjar har vi etter beste evne sett oss inn i gjeldande retningslinjer for stønadsordninga, og vi er difor overraska over grunngjevinga for avslaget; Vi kan ikkje sjå at det i retningslinjene står noko om at kulturmidlar ikkje kan gå til nasjonale tiltak i fylket.

Det retningslinjene innleiingsvis seier, er at målet med tilskotsordninga er å fremje eit aktivt og allsidig kulturliv i fylket. Vidare heiter det at aktivitetsstønad "vert gitt til aktivitetar av kulturell karakter som har allmenn interesse, verknad for heile eller ein større del av fylket eller syner nye vegar i kulturarbeidet."

Denne ordlyden er i våre auge ikkje synonym med at tilskot ikkje kan gå til arrangement i fylket som *også* har eit nasjonalt nedslagsfelt. Om det likevel er fylkeskommunen sin praksis å tolke ordlyden slik, meiner vi dette burde vore kommunisert på ein tydeleg måte i retningslinjene, slik at vi og andre søkjarar på førehand har moglegheit til å setje oss inn i kva faktiske kriterium som ligg til grunn for vurderinga.

Vi ønskjer med denne klagen trekkje fram moment som peikar på at Landsfestivalen i høgste grad er eit tiltak som fyller krava retningslinjene set. Samstundes meiner vi at Landsfestivalen sitt nasjonale nedslagsfelt i denne samanhengen må reknast som eit pluss og ein styrkje, snarare enn å vere ein faktor som diskvalifiserer arrangementet som regionalt tiltak. For det er vel ikkje slik at den regionale dimensjonen forsvinn sjølv om det i tillegg fins ein nasjonal dimensjon?

- Landsfestivalen i gammaldansmusikk blir i 2016 arrangert i Gaupne. Dette er til no det største kulturarrangementet som blir avvikla i Luster kommune, og som vertskap står to frivillige organisasjonar med base i Sunnfjord og Luster. Planlegging og gjennomføring av arrangementet er altså eit samarbeid på tvers av kommune- og regiongrenser i fylket.

- Det er i Sogn og Fjordane den faktiske aktiviteten og verdiskapinga skjer. Verdiane som blir skapt i samband med arrangementet blir verande her og kan vekse vidare – til glede og nytte for innbyggjarane og kulturlivet i fylket, og særleg i Sogn.
- Praktisk avvikling av Landsfestivalen baserer seg på eit stort dugnadsapparat med nærmare 600 frivillige i sving. Desse frivillige kjem frå heile fylket. Mange er aktive i folkemusikk- og gammaldansmiljøet, medan dei mange frivillige lag- og organisasjonar lokalt i Luster også er svært viktige bidragsytarar.
- Dei frivillige som bidreg på Landsfestivalen vil få auka kompetanse på planlegging og gjennomføring av store arrangement. Dette opnar i neste omgang opp for at det i framtida kan bli avvikla fleire arrangement på ein god og berekraftig måte.
- Til Landsfestivalen kjem det deltakarar og publikum frå heile landet. Hovudvekta av publikum er likevel venta å vere heimehøyrande i fylket vårt. Eit rikt kulturprogram sett saman med tanke på å nå ei brei målgruppa bidreg til at festivalen ikkje er eit arrangement berre for "den harde kjerne" av gammaldansentusiastar, men for alle som i større eller mindre grad er interessert i musikk, dans og kulturopplevingar av høg kvalitet.
- Kulturprogrammet er i all hovudsak sett saman av konsertar med ein tydeleg lokal profil. Det er utøvarar frå Sogn og Fjordane som skal fylle scena, og det er fylket sine eigne musikktradisjonar og kulturarv som blir formidla til både lokalt og tilreisande publikum.
- Om ikkje så relevant for sjølve stønadsordninga, så meiner vi likevel det er viktig å peike på ringverknadane dette arrangementet får for næringslivet i regionen. Det er i samband med arrangementet snakk om omsetning av store verdiar for både reiselivs- og handelsnæringa.

I lys av momenta ovanfor meiner vi Landsfestivalen står for ei verdiskaping og ein aktivitet som kjem svært mange aktørar i fylket til gode, og at det er eit viktig arrangement lang utover "berre" gammaldansmiljøet.

At fylkeskommunen ikkje vil stå som støttespelar når frivillige organisasjonar tek på seg den store innsatsen det er å skipe til eit slikt arrangement, synest vi er eit underleg og uheldig signal å sende. Både til vertskapet for årets Landsfestival, og til andre frivillige lag og organisasjonar som går med tankar om å skipe til kulturarrangement av dette formatet.


Vi ber om at fylkeskommunen på grunnlag momenta i denne klagen på nytt vurderer søknaden opp mot gjeldande retningslinjer og prioriterte satsingsområde. Vi viser elles til opplysingar gjevne i søknaden. Om det er trong for ytterlegare informasjon og opplysingar, så bidreg vi gjerne med det.

-sign-

Oda Bolstad -

Styreleiar

Gamlebanken Spelemannslag



Synnøve S. Bjørset

Festivalleiar

Landsfestivalen 2016